



STORD
KOMMUNE



Foto: Naustvågen barnehage

PLAN FOR TILSYN MED BARNEHAGANE 2017 – 2020

1. Kommunen som tilsynsmynde

I følgje lov om barnehagar av 17 juni 2005, nr 64, § 16 skal kommunen føra tilsyn med verksemdar etter denne lov. Dette gjeld både kommunale og private barnehagar.

I lova sin § 8 femte ledd står det at kommunen har rett til innsyn i dokument og tilgang til barnehagelokalet i den utstrekning dette vert sett som nødvendig for å ivareta kommunen sine oppgåver.

Kommunen skal utarbeida ein plan for tilsyn i barnehagane for å sikra gode rutinar for informasjon om, gjennomføring, rapportering og oppfølging av tilsyn.

Kommunestyret i Stord kommune har delegert tilsynsmynde til rådmannen, som har igjen har delegert dette til barnehagefagleg rådgjevar.

Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunen utfører dei oppgåvene som barnehagemynde er pålagt etter barnehagelova § 9 Statlig tilsyn. Fylkesmannen kan også i særlege tilfelle føra tilsyn med at den enkelte barnehage vert driven i samsvar med barnehagelova med forskrifter.

Tilsyn med barnehagar omfattar følgjande lovverk og forskrifter:

- Lov om barnehagar av 17.juni 2005, med gjeldande forskrifter
- Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler, av 1.desember 1995 (*Kommunelegen har delegert tilsynsmynde i høve denne forskrifta*)
- Forskrift om sikkerhet på lekeplasser, av 19.juli 1996 (*kommunen kontrollerer at barnehagane har rutinar for kontroll av eigen leikeplass.*)
- Lov om brannvern (*tilsyn vert gjennomført av Stord Brannvesen*)
- Lov om produktkontroll, av 11.juni 1993 (*tilsyn vert gjennomført av Mattilsynet*)

2. Interkommunalt samarbeid om tilsyn

Kommunane i Sunnhordland, i regi av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS), har inngått samarbeid om tilsyn i barnehagane. Tilsynsgrupper i FOS-kommunane har årleg tre tilsyn i barnehagar i Stord kommune etter oppsett plan. Tilsynsgruppa i Stord kommune har tilsyn i barnehagar i samarbeidskommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad og Sveio.

Dette samarbeidet gjev den enkelte kommune auka kompetanse i høve Barnehagelova sine krav om tilsyn med barnehagar mellom anna fordi det vert lagt vekt på utveksling av erfaringar. Den einskilde kommune har ansvar for tilsynet i sine barnehagar.

FOS – kommunane har utarbeida ei sjekklister som vert nytta ved tilsyn. Ho inneheld spørsmål og indikatorar til dei ulike ledda i lovparagrafane. Dette er til god hjelp når ein skal sjekka ut om barnehagen har lovleg drift.

3. Kvifor tilsyn

Kommunen som tilsynsmynde skal gje rettleiing og sjå til at barnehagane vert drivne forsvarleg etter barnehagelova med forskrifter, samt anna gjeldande regelverk. I fylgje “Veileder for tilsyn med barnehager”, er tilsyn ein viktig del av kommunen sitt ansvar for å sikra høg kvalitet på barnehagen sitt innhald, samt at barnehagelova sine krav vert følgt opp.

Tilsyn kan omfatta ein eller fleire av barnehagelova med forskrifter sine krav - Døme:

- Pedagogisk bemanning
- Innhald og oppgåver
- Barnehagen si godkjenning
- Barnehagen sine vedtekter
- Barnehageeigar sin bruk av offentleg tilskot og foreldrebetaling
- Med meir

4. Tilsynsmetodar

Tematilsyn / meldt tilsyn

Tilsyn i forhold til tema knytt til barnehagelov med forskrifter der tema, tidsramme og gjennomføring vert valt av tilsynsmynde. Tematilsyn må vera meldt til barnehagen / barnehageeigar.

Umeldt tilsyn

Tilsyn basert på aktuelle hendingar eller situasjonar i løpet av eit driftsår. Tilsynet vert gjerne utløyst av klage og bekymringsmelding frå føresette, tilsette eller andre.

Tilstandsvurdering

Denne typen tilsyn er ofte basert på statistikk, og systematisert datagrunnlag vert henta inn gjennom kartlegging/utfylling av skjema om verksemda. Dersom faktagrunnlaget vert vurdert opp mot lovkrav er det tilsyn. Årsmelding i BASIL per 15.12. kvart år er døme på utgangspunkt for slike tilsyn.

Gjennomføring av tilsynsbesøk

- Vert varsla i god tid i forkant
- Innsending av etterspurt dokumentasjon minst 2 veker i forkant av tilsynsbesøk
- Tilsynsbesøk:
 - Opningsmøte med deltakarar
 - Intervju med enkeltdeltakarar
 - Oppsummeringsmøte med deltakarar

5. Kommunen si tilsynsgruppe

Medlemmer i kommunen si tilsynsgruppe:

- Kommunalsjef for oppvekst
- Barnehagefaglege rådgjevarar/barnehagemynde
- Kommunale barnehagestyrarar
- Controller / juridisk rådgjevar
- Økonomisk rådgjevar

Tilsynsgruppa skal førebu og følgja opp planlagde tilsyn slik:

- Formøte – planleggja og førebu tilsyn
- Skriva rapport etter tilsynet – oppsummering og konklusjon om funn

Tilsynsbesøk vert gjennomført av:

- Barnehagefagleg rådgjevar / barnehagemynde
- Barnehagestyrar – sekretær

Desse personane deltek i det regionale tilsynssamarbeidet i tillegg til det kommunale.

6. Innhald tilsynsperioden 2017 – 2020

Barnehagelova kapittel 1 og 2 (§1, §1a, §2, §3, §4):

- Barnehagen sitt formål og innhald
- Barn og foreldremedverknad

Barnehagelova kapittel 3 (§7):

- Barnehageeigar sitt ansvar

Barnehagelova kapittel 4 og 5 (§ 14A, §17, §18, §19):

- Krav til bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling i ikkje-kommunale barnehagar
- Personalet
- Forskrift om politiattest
- Forskrift om pedagogisk bemanning

Barnehagelova kapittel 6 (§20, §21, §22, §23, §24):

- Andre bestemmelsar
- Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage



7. Utgangspunkt for ulike tilsyn

Kva	Innhald	Når	Ansvar
Årsmelding	Alle barnehagar skal levere årsmelding pr. 15.12. kvart år. Årsmeldinga vert rapportert elektronisk i webløysinga BASIL og kontrollert av kommunen. Rapporten danner m.a. grunnlag for utrekning av tilskot til private barnehagar.	Desember	Barnehagefagleg rådgjevar
Resultat-rekneskap for private barnehagar	Private barnehagar skal levera årsregnskap. Dette vert rapportert elektronisk i web-løysinga i BASIL og vert kontrollert av kommunen.	August /september	Barnehagefagleg rådgjevar / økonomi
Dispensa-sjonar	Dersom ein barnehage ikkje greier å få tak i pedagogisk personale, kan barnehageeigar søkja dispensasjon frå utdanningskravet etter forskrift i barnehagelova. Vedtak om dispensasjon krev at stillinga har vore lyst ut på ein tilfredsstillande måte. Ved søknad om dispensasjon frå pedagognorm, må det liggja føre uttale frå barnehagen sitt samarbeidsutval. Søknadsskjema på kommunen si heimeside.	Heile året	Barnehagefagleg rådgjevar
Årsplan	Alle barnehagar skal levera årsplan innan 1.oktober kvart år. Årsplanen skal sikra og visa barnehagen sitt arbeid med forskrift om rammeplan.	Årleg	Barnehagefagleg rådgjevar
Brukarundersøking	Kommunale barnehagar gjennomfører brukarundersøkingar kvart andre år. Private barnehagar vert oppfordra til å ha system for dette.	2. kvart år	Barnehageeigar
Tilsynsbesøk i barnehage	Barnehagane får varsel om tilsyn etter oppsett plan	Årleg	Barnehagemynde
Umelde tilsyn	Ved bekymringsmelding frå føresette / tilsette eller andre til administrasjonen, skal det verta teke kontakt med leiinga i barnehagen for å avklara situasjonen. Dersom barnehagemynde finn det nødvendig, vert det gjennomført avtalt eller umeldt tilsynsbesøk.	Ved behov	Barnehagefagleg rådgjevar/barnehagemynde Evt andre avhengig av kva lovverk det gjeld
Overgang barnehage – skule	Det vert kontrollert at planen vert gjennomført	Juni / august	Utviklingsgruppa – område oppvekst
Tilsynsrapport	Vert utarbeida etter varsla tilsyn		Barnehagemynde

8. Planlagde tilsynsbesøk 2017 - 2020

Nr	Barnehagar	2017/2018		2018/2019		2019/2020	
		Kom.	FOS	Kom.	FOS	Kom.	FOS
KOMMUNALE BARNEHAGAR							
1	Furuly bhg		X(v)				
2	Sagvåg bhg avdeling Nysæter				X(v)		
3	Skogatufto bhg				X(h)		
4	Sagvåg bhg avdeling Tjødnalio						X(h)
5	Trodlahaugen bhg						X(v)
IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR							
6	Dalen FUS bhg			X(v)			
7	Heiane bhg				X(v)		
8	Solsikkene bhg	X(h)					
9	Kåreviksmarka FUS bhg			X(h)			
10	Naustvågen bhg						X(v)
11	Olderdalen FUS kulturbhg					X(h)	
12	Nordbygdo FUS bhg			X(v)			
13	Sagvåg Maritime FUS bhg					X(v)	
14	Sæ bhg	X(v)					
15	Sævarhagen FUS bhg	X(v)					
16	Valvatna FUS bhg					X(v)	
17	Villvettene friluftsbhg		X(h)				
18	Ås bhg		X(h)				
Tal tilsyn per barnehageår		6		6		6	

(h) = haust (v) = vår